

# SAMNANGER KYRKJELYD



## ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2022

SAMNANGER SOKNERÅD/ KYRKJESTYRE

# ANSVARSRÅDE - ORGANISASJON

79,8 % av innbyggjarane i Samnanger var medlemmer i DNK i 2022. Det er ein nedgang på 0,3 prosentpoeng i høve til året før. 89,5 % av dei fødte vart døypte i 22 og 48,3% av 15-åringane var konfirmerte i kyrkja. Dette talet var rekordlågt i 2022, men konfirmantkullet som tok til om hausten og skal konfirmerast i 23, er dobbelt så stort. *(Tal frå SSB)*

## Sokneråd / kyrkjestyre

Då me berre har eitt sokn i Samnanger, fungerer soknerådet både som sokneråd og fellesråd (som me kallar kyrkjestyre). I kyrkjestyret sit også ein representant vald av kommunestyret.

Kyrkjestyret har som formål å syta for økonomiske og administrative oppgåver for sokna, som til dømes: anlegg, drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegard, planarbeid, arbeidsgjevaransvar for tilsette og drift av prestekontor.

Soknerådet har som føremål å driva kristent arbeid i soknet, mellom anna undervisning, diakoni og kyrkjemusikalsk arbeid. Rådet er sett saman av 6 valde medlemmer og soknepresten. Når det vert handsama kyrkjestyre-saker, kjem den kommunale representanten i tillegg. Arbeidsutvalet for sokneråd/ kyrkjestyre er sett saman av soknerådsleiar, nestleiar og sokneprest. Kyrkjevevja er sekretær for rådet og arbeidsutvalet.

Leiar for sokneråd /kyrkjestyre i 2022 var Gullborg K. Aasgaard og Hilde M. Aarvik var nestleiar. Medlemmer var Anlaug Røen Hauge, Inger E. Odland, Johannes Solsvik Bruvik, Monica Tjønnå, og sokneprest David Vogel. Vara-medlemmer var Knut Inge Røen (møtte fast), Anne Gerd Tandstad, Eva Hellevang og Reidun Tunes. Kommunal representant var Linda Haug Kollbotn og vara for henne var Øyvind Steinsland.

Soknerådet/kyrkjestyret har til saman hatt 6 møte i 2022 og ei sak vart handsama via e-post. Arbeidsutvalet hadde fem møte. Rådet handsama 42 saker. I tillegg til kyrkjelydsplanlegging, økonomi og arbeidsgjevarspørsmål, hadde rådet m.a. oppe HMS-samarbeid i prostiet, ny konfirmantplan og tilsetjingsreglement for soknet.

## Samarbeid i Hardanger Voss prosti og Bjørgvin bispedøme

Sidan 1. mars 2014 har Samnanger vore ein del av Hardanger-Voss prosti, og me har funne oss godt til rette der. I dette prostiet er det mange små sokn med liknande utfordringar som det me har. Men det er eit stort prosti som strekkjer seg frå Solbjørg og Stamnes til Ulvik og Røldal, og med lange reisevegar når me skal treffast.

Likevel er det etablert faste møtepunkt for kyrkjevevjerne og prestane i prostiet, og fagsamlingar og møtepunkt også for dei andre tilsette og for rådsleiarane. Det har teke litt tid å få desse fellesmøta i gang att etter koronaperioden. I 2022 var det ikkje felles fagdagar for alle kyrkjetilsette, men prestar og kyrkjevevjerer har kome i gang med sine samlingar, og det har vore arrangert felles kurs i nokre dataprogram. Dessutan var alle rådsmedlemmer og tilsette inviterte på avskils-samlingar med biskop Halvor Nordhaug i november. Vår var i Norheimsund.

I 2022 vart det arrangert «stiftsdagar» for alle kyrkjetilsette i heile Bjørgvin. Dei fleste kyrkjetilsette frå Samnanger tok også del her. Dei årlege fagdagan/ leiardagan for kyrkjevevjerer og prostar i Bjørgvin bispedøme, vart i 2022 utvida med samlingar for fellesrådsleiarar i tillegg. Dei tok del på leiarsamling saman med kyrkjevevjerne første dagen og hadde sin eigen dag etterpå. Det var alt før korona laga eit nettverk for fellesrådsleiarar i heile Noreg, og etablert samarbeid i alle bispedøme.

Sidan 2018 har me hatt Kvam som samarbeidspartnar for prestenesta. Soknepresten har ansvar for gravferder og vigslar i Kvam kvar 4. veke og for enkelte gudstenester. Veka etter har han «gravferdsfri». Når me har bruk for prestevikar her i Samnanger, er det oftast prestane frå Kvam som stiller opp. Samarbeidet fungerer bra, men det vert ein del turar over Kvamskogen eller mot Strandebarm til gravferdssamtaler og tenester, og mykje tid går med til reising.

## Stillingar og tilsette i Samnanger sokn

Sokneprest:	David Vogel	100 %	Tilsett og finansiert av bispedømet
Kyrkjevevjerje:	Britt Haukanes	100 %	Finansiert av kyrkjestyret
Kyrkjemusikar:	Torgeir Kinne Solsvik	50%	Finansiert av kyrkjestyret
Sekretær:	Bente L. D. Bødker	50%	Finansiert av kyrkjestyret
Kyrkjetenar Ådl./ Haga	Stefan A. H. Svendsen (byrja 17. jan)	60%	Finansiert av kyrkjestyret
Klokkar:	Klokkarteneste, frivillige	11%	Fin. av kyrkjestyret. Løna til TO-arb.
Kyrkjegardsarbeidarar:	Frå 1.3.2012 kommunalt tilsette. Finn Moss har gravstell på timebasis.		Finansiert av gravfondsmidlar
Trusopplæring - born	Kristi Mjelstad	50%	Finansiert av tilskot frå DNK og gåver
- ungdomar	Julie Langeland Vevle (slutta 1. juni) Ane Flaktveit Holmsen (byrja 1. aug.)	20%	Finansiert av tilskot frå DNK og gåver
- medhjelpar	Anne Tandstad	20%	Finansiert av tilskot frå DNK og gåver

## Nemnder og utval

Diakoninemnd	Solvor Aadland, Eva Hellevang, Anette Hyttel, Anne Kjersti Steinsvoll, Anne Gerd Tandstad, Monica Tjøønna.
The SamZam Project	Gjekk 1. aug over til å verta ei sjølvstendig foreining, og ikkje ei nemnd i soknet. Leiar: Hilde M. Aarvik, Soknerådet sin representant: Gullborg K. Aasgaard
Nemnd for kyrkjeliv	David Vogel, Hilde Aarvik, Torgeir Kinne Solsvik, Åshild Aadland Haga, Britt Haukanes, Inge Aasgaard. (Ikkje aktiv i 22)
Trusopplæringsnemnd	Kristi F. Mjelstad, Inger Odland, Anne G. Tandstad, Stefan H. Svendsen, Julie L. Vevle/ Ane. F. Holmsen
Medieutval	Britt Haukanes, Anlaug R. Hauge, Bente D. Bødker, Johannes Bruvik.
Praktisk utval	Kjell Odland, Odd Magnar Tysse, Reidun Tunes, Olav Aarvik.
Tilsyn bygningar	Britt Haukanes, John-Einar Mjelstad, Johannes M. Tysse.

*Arbeidet til nemndene er omtala under dei kapitla dei høyrer heime i meldinga.*



# KYRKJELYDSARBEID

## Gudstenestene

Etter to år med koronarestriksjonar, gjekk det over til å verta mindre strengt i slutten av januar 2022. Men då spreidde korona seg raskt, og laga likevel trøbbel med sjukmeldingar og smittefrykt. Så heilt normalt vart ikkje dette året heller, men me har ikkje hatt restriksjonar på gudstenester resten av året. Det har likevel teke tid for folk å koma attende til «gamle vanar». Me ser at gjennomsnittet på gudsteneste-frammøtet har gått opp til 62 mot 43 året før. Det er likevel lågare enn normalåret 2019, der me hadde 77 i gjennomsnitt.

Det har vore halde søndagsskule i tilknytning til fleire av gudstenestene på Haga også i 22, men sidan trusopplærings-gudstenestene oftast er på Haga, vert det også mange familiegudstenester der. Desse gudstenestene samlar nye grupper, når familiane til borna som tek del på tiltaka møter opp. Det er flott både for små og store å oppleve borna som tek del med både drama, song, framsyning av måleri og dans.

Det er forordna gudstenester tre søndagar i månaden. Den 4. søndagen har presten fri og me har også lagt frihelgene til kyrkjemusikaren der. Desse søndagane er me ikkje pålagde å ha gudsteneste, og får ikkje vikarprest frå prostiet. I 2022 starta ei av gruppene i kyrkjelyden opp med «open søndag» desse dagane. (Meir om det under «kyrkjelydsarbeid»)

### Medarbeidarar ved gudstenestene

- Klokkararbeidet vert gjort på dugnad, i 2022 av tre personar. Stundom gjer også ungdomar/trusopplærarar eller andre klokkaroppgåver. "Klokkarløna" går til ungdomsarbeid/trusopplæringsarbeid.
- Lovsongsteamet spelar og syng ved gudstenestene på Haga, saman med kyrkjemusikaren. Her er song, bassgitar, rytmegitar, synt, saksofon og slagverk i tillegg til flygel. Det er ikkje dei same musikarane med kvar gong, så instrumentutvalet varierer også litt. Det er også vanlegvis lydteknikarar med her. Det er ca. 7 personar som skiftar om å ta del i teamet.
- Musikk og solosong: Barnekoret, musikarar frå musikklaget og fleire songsolistar stiller opp og er med på gudstenester og andre tilstellingar.
- Kyrkjevertane: 5 personar bytest om å vera kyrkjevertar på Ådland. Dei deler ut salmebøker og liturgihefte og ynskjer folk velkomne
- Leke gudstenesteleiar. To liturgar har sagt seg villige å leia dei gudstenester på Haga der me ikkje har prest til stades. I 2022 har me ikkje nytta oss av desse, då «Open søndag» har overteke for desse leke gudstenestene.
- Kyrkjekaffi: Til kyrkjelyden si store glede, har me igjen kunna stoppa for ein kopp kaffi, te, litt frukt eller kjeks etter gudstenesta på Haga. Til og med god heimebakst, ved særskilde høve. 4 medarbeidarar bytest om denne tenesta.

Kyrkjelivnemnda har som oppgåve å førebu saker om gudsteneste, gudstenesteordning og liturgi for soknerådet, har ansvar for vaksenundervisning, temasamlingar, gudstenester/ samlingar utan prest, konsertar, korprosjekt og kyrkjemusikk. Dei hadde ingen møte i 2022 og me ynskjer omorganisera denne nemnda. Oppgåvene vert gjort av mindre grupper med ansvar for einskilde arr. /område.

## Gravferder

I 2022 hadde me heile 36 gravferder, 11 meir enn vanleg gjennomsnitt. Dei samlar mange; 3085 tok del på desse seremoniane, og det var nesten like mange som på gudstenester totalt.

## Arbeid mellom born og unge

### Trusopplæringstiltak:

Års-klasse	For aldersgruppa 0-13 år:		Av døypte i aldersgruppa		
	Tiltak	Deltakar-tal/medl.	Ikkje medl.	% av døypte	
0 år	Dåpssamtale - samling for foreldre og fadrar	17		100	
2 år	Musikkleik	12/20	-	60	
3 år	Krølledag <i>AVLYST grunna få påmelde</i>	-	-	-	
4 år	4-årsboka	14/23	3	61	
5 år	Noa-dag.	9/16	-	56	
6 år	Ranselgudsteneste	7/30	1	23	
7 år	Påskeverkstad m/ påskevandring <i>AVLYST grunna få påmelde</i>	-	-	-	
8 år	Tårnagent-helg.	19/30	2	63	
9 år	Hausttakkefest	7/23	-	30	
10 år	Kompisleir	20/27	3	74	
10-12 år	Kompis - 1 g. pr. veke i skuleåret	48/74	5	65	
11 år	Lys vaken	8/23	-	35	
12 år	Venneparty	15/24	2	63	
<b>For aldersgruppa 13 – 18 år:</b>					
13-18 år	KRIK-cup 13-18 år <i>Ikkje gjennomført</i>	-	-	-	
14-15 år	Konfirmantundervisning Gjeld dei som vart konf. mai 22	14/24		58	
16 år	Konfirmantreunion <i>Ikkje gjennomført</i>	-	-	-	
14-18 år	Soul X 15-18 år 1.g. pr. månad + turar	5/84		6	



## Samarbeid kyrkje – barnehage / skule / misjonsforsamling

Barnehagane: Julegudsteneste i kyrkja på Ådland (Aadland gards- og friluftsbarnehage + Dråpeslottet)  
1.klasse: Julevandring i kyrkja på Ådland.  
Barneskulen: Loppemarknad for skuleprosjektet i Zambia  
8. klasse: Orientering om konfirmantundervisning v. presten og ungdomsarbeidarar  
Alle klassesteg: Julegudstenester på Haga for barneskulen og ungdomsskulen.  
Grunna avlyste julegudstenester i 2021, hadde vi også påskegudstenester i 2022 for begge skulane, etter ynskje frå dei.

### Barnekor

Barnekoeret held til på bedehuset på Tysse og er drive av misjonsforsamlinga. Kyrkja har framleis eit godt samarbeid med dei. Barnekoeret tek del i gudstenester eit par gongar i året, m.a. under utdeling av 4-årsboka på søndagsskulens dag. Då får borna invitasjon til å byrja i koeret og på søndagsskule.

## Kontinuerleg barnearbeid – utanom trusopplæringsplanen

### Søndagsskule

Ved vanlege gudstenester i kyrkja på Haga, kan borna gå på søndagsskule i ungdomslokalet i kjellaren. Trusopplærar Kristi Mjelstad har ansvar for desse samlingane. Borna kjem opp att og tek del på siste del av gudstenesta, og då deler dei gjerne noko av det dei har snakka om, med resten av kyrkjelyden. Det vert sett pris på! I 2022 var det sett opp 13 søndagsskulesamlingar, og det var til saman 20 ulike born. Mange av desse har berre vore 1 gong, ved dåpsgudsteneste. Stundom kjem det ingen born, ofte 2-3, og innimellom 5 eller fleire.

## Om trusopplærings-tiltaka frå 0-12 år

I byrjinga av 2022 var det framleis covid-restriksjonar, og dette fekk konsekvensar for trusopplærings-tiltaka. Kompis starta ikkje opp før i februar, og me måtte utsetja tårnagethelga frå januar til mars.

- For 2-åringane hadde me eit nytt tilbod, musikkleik. Anne Lise N Tøsse var med på dette. Dei var inviterte til ein ettermiddag i kyrkja, der me åt graut og song/dansa/spela saman.
- Kompis er eit veletablert tilbod etter skuletid for 5.-7. klassingar. Det er framleis populært, og det er stor oppslutnad. Dei aller fleste 5. klassingane er her, og ein stor del av frå 6. trinn. Nokre frå 7. trinn er framleis med. I 2022 var det 3-4 vaksne medhjelparar som trufast kom kvar gong, i tillegg til Anne og Kristi som var på jobb.
- Kompisleiren starta på ungdomsskulen med leik i gymsalen, ute og i bassenget. Gjekk til Haga-kyrkja for mat og overnatting.
- Sidan Lys vaken vart avlyst i 2021, fekk kompisane frå 7. trinn invitasjon i 2022, saman med 6.trinn. Det var 5 av dei som var med, og alle koste seg.
- Ranselgudsteneste vart arrangert for 1. gong, der 1.klasse- trinn var inviterte på gudsteneste sundagen rett etter skulestart.



Musikkleik for 2-åringane

Dei kom i forkant og øvde på songar og vart litt kjende i kyrkja. Dei fekk utdelt klistermerkebok med forteljingar frå bibelen. Kjekt! Dette erstattar 6-årsbok-tiltaket me hadde tidlegare.

- Krølledag og påskeverkstad vart avlyste grunna få påmelde.

I 2022 vart me flinkare til å leggja invitasjonar ut på fjesbok-sida vår, og på «Kva skjer i Samnanger», i tillegg til å senda ut brev. Fleire fekk då ei påminning, og dei som ikkje er døypte får også høve til å melda seg på.



*Lys Vaken -dansen*

## Om trusopplærings-tiltaka for dei frå 13 -18 år

### Tysdagskveldane - konfirmantarbeid, kro og medarbeidersamlingar

I Samnanger kyrkjelyd er tysdag dagen der konfirmantane og andre ungdomar har samlingane sine. Då me starta opp igjen hausten 2022, vart det vedteken ny plan for konfirmantarbeidet. Den er laga i tett samarbeid med ungdomsarbeidaren og medhjelparane hennar. Det skal berre vera framføre for konfirmantane to tysdagar i månaden.

Ein tysdag i månaden er sett av til **temasamlingar** knytt til særskilde tema innanfor den kristne trua. Soknepresten har hovudansvar for undervisninga, men ungdomsarbeidar Ane Flaktveit Holmsen og fleire av ungdomsleiarane har hatt undervisningsbolkar. Som tilleggsressurs i undervisninga vert «Delta Konflogg» nytta. Etter undervisninga har det nokre gongar vore gruppesamtaler med konfirmantane om det dei har lært, før det er mat og prat nede i ungdomslokalet og til slutt lovsong og bønnevandring oppe i kyrkjerommet.

Den andre tysdagen i månaden vert det arrangert «**kro**». Dette er ei sosial samling i kyrkjerommet, ofte med gjestar som deler frå sine opplevingar og erfaringar. Mellom anna Bjørn-Arne Tveit og Øyvind Heggernes var med, men dei har også fått høyra om «Opne Dører», og kyrkjelyden sitt eige prosjekt i Zambia. Det er så mat og prat i kjellaren, og til slutt lovsong og bønnevandring. Kvelden er open for heile kyrkjelyden og ungdomar frå 13-20 år er særskild inviterte. Konfirmantane har møteplikt.

I 2022 starta eit samarbeid med Fusa der deira konfirmantar har vore til stades på nokre kroer i Samnanger, og det er også planlagt felles-samlingar i Fusa.

Den tredje tysdagen i månaden har **ungdomsleiarane (Soul-XL)** planleggingsmøte, med evaluering og planlegging av konfirmantarbeid og anna ungdomsarbeid. Det vert også sett opp ulike songar til temasamlingar og kroer, og desse vert øvd inn på planleggingsmøta.

Den fjerde tysdagen er det fokus på dei unge **medarbeidarane i ungdomsarbeidet (Soul-X)**. Her er det mat, undervisning, fellesskap og bøn. Desse er med på å styrke fellesskapet mellom ungdomane, samt utrusta dei til å utføre ulike oppgåver som skal gjennomførast i arbeidet. Ungdomane har også teke del på konfirmantleir på Wallemtnet.



Konfirmantpresentasjon

### MiLK-kickstartleir

I 2021 søkte ungdomsarbeidaren om pengar for å starte opp eit mini-leiarkurs (MiLK) som er laga av KFUK-KFUM. Dei fekk innvilga pengar til kickstartleir, som vart gjennomført på Wallemtunet 1.-3. april 2022. 10 ungdomar tok del på leiren, og 2 til var med om kveldane. Dette var kjekt!

Vidare fekk ungdomane besøk 30. mai 2022 av nokon frå KFUK-KFUM som skulle hjelpa dei å leia dette kurset vidare. Trass i inspirerende påfyll, har dei ikkje fått gjennomført heile kurset slik dei opprinneleg hadde ønskt.

**Trusopplæringsnemnda** har som si oppgåve å rekruttera medarbeidarar til TO-tiltak, setja i gang nye tiltak og evaluera dei tiltaka som er i gong. Dei hadde 2 møte i 2022, eit i januar og eit i juni. Nemnda fungerer godt og er ein viktig del av trusopplæringa.

### Medarbeidarar i trusopplæringa

Leiartrening for ungdom er ein nøkkel i trusopplærings-arbeidet. Ein kan ikkje greia å driva så omfattande arbeid utan mange uløna medarbeidarar. Arbeidet med å rekruttera nye medarbeidarar, både unge og vaksne er viktig, men også å leggja til rette for at dei vert tekne godt vare på.

Det er 3-4 vaksne som er faste medarbeidarar på Kompis. I tillegg er det 3-4 vaksne som er med på eitt eller fleire arrangement i året, rundt 5 unge medarbeidarar som hjelper til ved tiltak og foreldre som hjelper til med alt frå nattevakt til kakebaking.

Det er mange arrangement og me ynskjer oss fleire vaksne som kan vera med på tiltaka, særleg på Tårnagenthelg, kompisleir og LysVaken. Også konfirmantleirane treng vaksne. Berre å ha vaksne til stades i miljøet, kan vera til god hjelp.

### Utfordringar i trusopplæringa:

- Å få med fleire vaksne på ulike tiltak.
- Å få konfirmantane med i Soul-X etter konfirmanttida er over.
- Å nå fram med invitasjonar og påmeldingar.  
Sidan me ikkje har mobilnummer og e-post til alle, må me framleis nytta brev. Folk overser invitasjonar og/eller gløymer å melda seg på. (Dei beklagar det gjerne i etterkant.) Dette gjer førebuingane vanskelegare og me merkar nedgang i deltakartal.





## Kyrkjemusikk og konsertar

Største delen av det kyrkjemusikalske arbeidet skjer i samband med gudstenester, bryllaup og gravferder. Det meste står kyrkjemusikaren vår for, stundom saman med solistar. I tillegg har me på Haga lovsongsteam med orkester og føresongarar som er med og spelar til gudstenestene og eige «ungdomsband» til kroer og andre arrangement for ungdomane. Barnekoret har teke del på nokre arrangement. I høgtidene har me hatt med med solistar og/eller blåsargrupper på gudstenestene.

### Konsert-/musikk-/song-tilstellingar i kyrkjene våre i 2022:

- Man. 3.januar – Haga: Markusevangeliet framført av Christian Stejskal, med korte musikalske innslag og foto på veggen.
- Søn. 20.mars – Haga: Bibel, bøn og lovsongskveld med Lina Sandell sine songar v/ Sjansespel. Song v/ Linda Haugland og andakt v/ Per Torgeir Nilsen.
- Tors. 2.juni – Ådland: Salmekveld med tema: No livnar det i lundar - salmekveld for den lyse årstida. Solist Hilde Aarvik og Torgeir Kinne Solsvik
- Tors. 22.sept. – Haga: Konsert med Gunstein Draugedalen og Torgeir Kinne Solsvik.  
Tors. 21.okt. – Haga: Salmekveld med Ann Jorunn Hillesøy på tangent.
- Tors. 10.nov. – Ådland: Salmekveld med solist Marte Øien og to ukrainske damer, Svitlana Shyrkova og Alla Derevianko. Torgeir K. Solsvik spela frå Geir Tveitt sine «50 Folketonar frå Hardanger».
- Søn. 11.des. – Ådland: Julekonsert med lokale krefter: Musikklaget, barnekoret, trompet v. Selma Lemme, song v. Helene Schmidt og Marte Øien. Kyrkjemusikaren.



Torgeir K. Solsvik og Gunnstein Draugedalen

Søn. 18.des. – Ådland: Damenes julekonsert leia av Hilde Aarvik. Andre solistar: Merethe Gauden, Sofie F. Holmsen, Eli Gauden, Olivia, Nora og Ida, Karina F. Nytevit, Mira Liøen Tveiterås, Jenny O. Bruvik, Belinda Kalvenes, Ellen Høysæter-Fjellaldalen.



Julekonsert

# Diakoni

Diakoninemnda er aktive og har mange tiltak dei har ansvar for/ er med på:

- **Frivilligsentralen**  
To medlemer frå diakoninemnda er med i ressursgruppa for frivilligsentralen i kommunen.
- **Torsdagskafeen** for eldre på Samnangerheimen har vore ramma av koronatiltak også i 2022, med mykje sjukdom på institusjonen i vårhalvåret. Men hausten 22 starta dei opp igjen med samlingar annkvar veke. Kafeen har heile tida vore leia av Eva Hellevang, men no har også Anne Lise Tøsse vorte med fast, for å spela og syngja saman med dei eldre. Det får smila fram, og ofte songane også.
- **Internasjonal matklubb** har også kome i gang igjen. I 2022 kom det mange ukrainske flyktningar og dei samlast i kyrkja til m.a feiring av nasjonaldag og treff for heile familien. Ei periode var dei over 20 til stades kvar gong, men etter at dei nye har byrja på språkkurs i Bergen og nokre i jobb, har det minka igjen. Mat frå ulike land og samstundes god språktrening for nyttilflytta til Samnanger og Noreg, er tanken bak kafeen som vert leia av Anette Hüttel og Eva Hellevang og er ca. kvar 3. veke.



- **Internasjonal kafé** i samarbeid Misjonsforsamlinga vart halde på Tysse bedehus 24.sept.
- **Strikkekafé.** Dette er eit sosialt tiltak, går føre seg anna kvar måndagsføremiddag. Han vert leia av Anne Tandstad med Eva Hellevang som medhjelpar og. Rundt 15 damer samlast til handarbeid og prat – av og til er det bingo og noko ekstra godt å bita i.
- **Besøkteneste.** Me har berre nokre få organiserte faste besøksvener, men dei me har, er svært aktive og er ofte på vitjing hos «sine». Vert oppfatta som meningsfullt og godt frå både besøkjande og frå dei som får besøk. Nemnda skulle gjerne hatt fleire besøkjarar.
- **Fest for 50-årskonfirmantar**  
50-årskonfirmantfeiringa samlast på våren i 2022, og no har «konfirmantane» gått i same skuleklasse så det gjer at dei kjenner kvarandre betre. Det vart god stemning og ivrig prat rundt borda. Mange gode attendemeldingar på dette tiltaket frå dei 19 som møtte. Middag og kaker vart levert frå Bjørkheim, slik som dei brukar.
- **Open kyrkje, helgemesse.**  
Også dette året hadde me «open kyrkje» helgemessehelga. Både laurdag og sundag var det høve til å koma inn i kyrkja, tenna lys og sitja stille eller prata med «vakten» om dei heller ville det. Rundt 20 kom innom, desse dagane.
- **Minnegudsteneste** på helgemesse-søndagen. Diakoninemnda tok del med pynting av kyrkja, lesing og lystenning. Ei høgtidleg og fin markering for dei som har misst nokon av sine i året som gjekk.
- **Julesamling** for bufellesskapet på Skottabakken. Juleforteljinga i adventspynta kyrkje, kveldsmat og kakao er oppskrifta på desse samlingane som er leia av Solvor Aadland.

## Anna kyrkjelydsarbeid

**Kyrkjelydshelga** på Wallemtunet vart avlyst også i 2022. Ho var planlagt tidleg i februar, då det var for mykje koronasmitte til at det kunne lata seg gjennomføra.

**Open søndag** er eit nytt innslag i kyrkjelydsarbeidet. Ei av «huskyrkjene» i kyrkjelyden, har teke på seg og arrangera dette mange av dei søndagane presten har fri. Det er ei familievenleg samling om ettermiddagen på Haga, med band, allsong, tale, professor Proff, leikar og mat.

Konfirmantane sin vanlege **innsamlingsaksjon for Zambia** vart også i 22 halde som loddsal med fine gevinstar, og det kom inn heile 57 600 kroner til skuleprosjektet!

Den store **loppemarknaden** på barneskulen FN-dagen til same føremålet sette ny rekord, med heile 17 548 kr! Som vanleg kjempeinnsats av kompisane og ikkje minst dei vaksne kompis-leiarane.

**17. mai** hadde me fest saman med Misjonsforsamlinga i Sætervika med godt frammøte.

**Nordviksæterstemna** vart flytta til Haga kyrkje dette året, grunna svært dårleg ver. Ferre møtte her, enn på fjellet – men det var i alle fall tørt.

Eit **Alpha-kurs** starta opp i oktober og har gått annakvar veke både før og etter jul. 14 tema med spanande og utfordrande digital undervisning. God plass til humor, mat og gode samtaler.

Kyrkjelyden har også ein **bønering** som soknepresten administrerer. Folk kan melda inn bønbehov, og det går jamleg ut meldingar til dei som er med i ringen.

**SamZam-prosjektet** er framleis kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, men no altså drive av SamZam-stiftinga der Hilde Aarvik er leiar. Dei hadde eit tøft år i 22, med rektor Frazer uskuldig fengsla og torturert. Han slapp ut i november etter 15. månader, - med øydelagde føter men lukkeleg over å få vera heime att til kone og fem born. Skulen «Samnanger Faith Academy» veks stadig og over 200 born frå slummen får no godkjend utdanning der.



Open søndag - Professor Proff



Alpha-kurs



Frazer og sonen Olav

# Informasjonsarbeid

## Kyrkjesider/ kyrkjeblad

Det vart laga fire kyrkjesider i Samningen i 2022 og kyrkjebladet til jul kom ut som vanleg. Mange les i kyrkjebladet, og me får i opp mot 20 tusen kr. inn på gåveblankettane i bladet.

**Kyrkja på Internett.** I slutten av 2020 fekk me ein ny versjon av heimesidene våre som fungerer betre på mobil. Påmeldingsfunksjonen for gudstenester og konsertar, kan også knytast opp mot heimesida. Sekretæren har stadig arbeidd med å oppdatera og retta opp på sidene men ventar framleis på info og bilde for oppdateringar. Det er etter kvart mykje fast informasjon du kan finna på heime-sidene og dei er godt vitja. Me merkar at folk gjerne har vore «på nett» for å lesa før dåp eller bryllaup t.d. Ungdomane nyttar heller facebook til kontakt og både konfirmantane og ungdomsarbeidet har eigne grupper der. Kyrkja har også fått ei eiga facebookside der info om arrangement kan leggjast ut. Sekretæren har hovudansvar for desse sidene også.

Me er også knytt opp mot appen «**Min menighet**» for smarttelefonar, der det går an å finna arrangement som ligg ute på heimesidene og til DNK si felles-teneste «**skjerikyrkja.no**». Me kan merka arrangement i kalenderen vår som skal inn der, så vert dei delt automatisk på desse sidene.

Eit **medieutval** har ansvar for både foto, planlegging og skriving av kyrkjesidene og julebladet, og for planlegging av heimesidene. Nokre av kyrkjesidene, tek likevel kontoret seg av åleine, mest grunna tidspress. Det hadde vore ynskjeleg å kunna nytta meir ressursar på dette arbeidet.

## Frå årsstatistikken

	2005	2010	2015	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Døypte i soknet (med vaksne):	26	38	29	24	32	17	16	21	17
Innmelde:	2	0	0	0	0	1	1	1	2
Utmelde:	5	2	5	7	4	6	4	9	5
Konfirmerte:	25	25	23	23	18	15	15	26	14
Gravlagde (frå eige sokn frå 2018):	25	19	31	22	22	19	30	19	36
Vigde par:	8	6	6	3	7	5	2	1	5
Frammøte til saman på alle gudstenestene: **	4 778	4 311	4683	4167	4132	3981	1770	1874	3117
Gjennomsnittleg frammøte pr. gt:	77	73	81	77	88	77	45	38	62
Nattverdgjester gjennomsnitt pr. gt. m. nattverd:	34	27	31	27	27	31	27	22	22

\*\* Både søn- og heilagdagane og andre gudstenester. I 21, fleire dåpsgudstenester med kun dåpsfølge.

## Anna

### Praktisk hjelp og dugnader

I 2022 har det vore arrangert fire dugnader:

Februar: Montering av rister på omnane på Ådland.

April: Måling av utebord og plantekassar på Haga

Utedugnad med luking, kosting planting og klipping av buskar.

Oktober: Vasking av veggane og beslag, Haga.

Mange enkeltpersonar har også stilt opp med hjelp til praktiske ting gjennom året.

Kyrkja er brukt ein del til **privat utleige** for barnedåpar, fødselsdagar og minnesamlingar, men pensjonistlaget har ikkje hatt samlingane sine i kyrkja i 2022.

## FORVALTNINGSOPPGÅVER – VEDLIKEHALD - INNKJØP

- Med stor **aktivitet** i kyrkjelyden, går det ein god del tid også administrativt på organisering og tilrettelegging, invitasjonar som skal ut, og rekningar for leige og eigenbetaling for tiltak med tilhøyrande rekneskapsføring og evt. purringar.
- **Gravplassen.** Det store arbeidet med å retta heile gravplassregisteret vart gjort ferdig i 2018, og me er no i gang med å gå gjennom alle felta på den gamle gravplassen for å bestemma kva graver som er for tette og må gå ut. Til dette har me fått bestilt dronebilde der me teiknar gravene inn, noko som gjer arbeidet lettare. Først i 2023 kan me byrja senda ut rekningar på dei felta som er ferdig registrerte, difor har me i 2022 lite inntekter på den gamle gravplassen. Me har også byrja planlegginga av utviding av den nye gravplassen i samband med nye murar rundt plassen, og har teikna anbudsapir til forprosjekt.
- Store **vedlikehaldsoppgåver** krev også sitt av **tilrettelegging og oppfølging**. I 2022 fekk kyrkjeverja teikna, prosjektert og godkjend to prosjekt hjå riksantikvaren; Nye kyrkjedørar og oppussing av våpenhuset på Ådland. Me fekk også godkjenning på eit tidlegare prosjekt me hadde søkt om: barnekrok i kyrkja på Ådland.
- **Ådland kyrkje:** I byrjinga av året vart det montert nye rister på omnane. Ristene var kjøpt inn 21 i koronatida og kom om hausten, men måtte venta med dugnadsarbeid på monteringa til restriksjonane var over i februar 2022. Me fekk også montert ny innbrotsalarm, nytt golv i bøttekottet og nye dørar vart bestilte og kjøpt. Dei skal monterast i 2023.
- **På Haga** har det høge frontpartiet ute vorte måla, me måtte kjøpa ny alarm-sendeboкс, då det gamle systemet gjekk ut og me fekk kjøpt inn nytt elektronisk trommesett for gåvemedlar. Det er også laga parkeringsstriper både på Haga og Ådland.
- På **bårehuset** vart det nye taket endeleg gjort ferdig. Først hadde me venta lenge på levering av rett type heller. Så måtte me grunna sjukdom, byta firma midt i arbeidet og det vart soleis mykje dyrare enn planlagd. Me hadde også ei stor utgift til reparasjon av kjøleanlegget, i bærerommet.

Ein del planlagde prosjekt for begge kyrkjene, vart utsett til året etter, grunna fordyra bårehustak. For oversikt over innkjøp og vedlikehald, sjå elles notane til rekneskapen.



*Kyrkjetenar Stefan målar striper på parkeringsplassen og kyrkja vert måla frå lift.*

## UTFORDRINGAR

- Gjera kyrkja og gudstenesta til ein sosial møteplass og ein stad for inspirasjon og påfyll, ein stad der du ikkje vil lata vera å koma.
- Greia å gjera noko/ vera noko for alle aldersgrupper, også dei eldre, dei unge vaksne, småbarnsforeldre m. fl.
- Rekruttera nye medarbeidarar til trusopplæring og gudstenester.
- Halda oppe god kontakt med medarbeidarane våre: Henta inn evalueringar, kritikk og gode råd. Gje opplæring, inspirasjon og rådgjeving.
- Driva stadig betre PR for kyrkja sitt arbeid.
- Skaffa auka inntekter til trusopplærings-arbeidet, gjerne nye faste gjevarar
- Laga plan for kyrkjemusikalsk arbeid.
- Førebu oss på omorganiseringar i kyrkja med ny kyrkjelov.



Noas ark

*Takk for god hjelp frå:*

Kristi Mjelstad, Ane F. Holmsen og Julie L. Vevle med trusopplæringa  
Bente Bødker med kyrkjemusikk, «anna kyrkjelydsarbeid», bilde og oppsett.  
Eva Hellevang med info om diakoniarbeid og Kjell Odland frå praktisk nemnd  
David Vogel med utfylling av info både her og der.